

Serviceerklæring Ulvik herad

KORTTIDSPLASS I INSTITUSJON

Typar korttidsplass:

Rehabiliteringsopphald, Utgreiingsopphald, Palliasjon, Anna opphald

Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-2, pkt 6 –c), jfr. § 3-1, Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene, Forskrift om verdig eldreomsorg og reglar knytt til Forvaltningslova

Føremål med tenesta

-Skal sikra at personar grunna svikt/akutt sjukdom og med omfattande pleiebehov i ein overgangsfase skal få trening/gjenopptrening som vanskeleg let seg gjennomføra i eigen bustad

Kven kan få tenesta

-Den som har forbigåande funksjonssvikt med behov for heildøgns omsorg i institusjon
-Alle andre aktuelle hjelpetiltak i heimen skal vera utprøvd eller vurdert

Innhaldet i tenesta

-Bebuar får tilbod om å få dekkja grunnleggjande fysiologiske behov med vekt på omsorg og fagleg kompetanse
-Rehabiliteringsopphald for opptrening etter skade, opptrening for personar med fallande funksjonsnivå og vedlikehald av funksjonsnivået ved ulike sjukdomstilstandar
-Opphald som del av kartlegging og observasjon av funksjonsnivå
-Standard hygieneartiklar vert dekkja av institusjonen (shampoo/såpe/tannpleiemiddel) - du må sjølv halda andre toalettsaker (fuktigheitskrem, deodorant, etterbarb.vatn, o.l.)
-Vask av privat tøy som er merka

ETTER YNSKJE:

-Tilbod om deltaking ved ulike sosiale arrangement / aktivitetar under opphaldet
-Formidla samtale med prest
-Tilbod om frisør/fotpleie (må betalast av den enkelte)

Kva du kan forventa av oss som tilsette

-Me møter deg på ein høfleg og respektfull måte
-Tilsette held teieplikta
-Me vil arbeida for å få til eit samarbeid med deg som er basert på tillit og tryggleik
-Tilsette har faglege og personlege kvalitetar/kompetanse til å løysa og utføra oppgåvene
-Du får tilpassa hjelp og rettleiing med støtte og hjelp til å oppretthalda ein viss form for eigenaktivitet og funksjonsnivå
-Avdelinga kan hjelpa til med å bestilla namnelappar til privat tøy. Dette må betalast av den enkelte.

Kva forventar me av deg som brukar/pårørande

- At du/pårørande tek med deg nok privat tøy som er merka m/namneband (merkepenn)
- At du/pårørande merkar ny-innkjøpte klede før dei vert lagt i kleskapet til den enkelte bebuar (evt. merkepenn i påvente av namneband).
- At privat tøy er funksjonelt og tåler hyppig vask
- Tøy som må rensast må du eller dine nærmaste ordna
- At du som bebuar ikkje ber om hjelp på område som du klarar sjølv

Praktiske opplysningar

- Eigenbetaling etter faste statlege satsar, jfr. "Forskrift om egenandel for kommunale helse – og omsorgstjenester" – inntil 60 døgn/kalendarår
- Opphald ut over 60 døgn: Eigenbetaling etter inntekt – jfr. Forskrift om Vederlag for opphald i institusjon, m.v.
- Sjukepleiefagleg ansvarleg er avdelingsleiar i institusjon.
- Tilsynslege 2 ggr/veke
- Tilbod om ergoterapi og fysioterapi ut frå behov og opphaldstype

Saksgang ved søknad om korttidsplass

- Det må føreliggja eigensøknad frå søkjar/pårørande. Den som søker korttidsplass skal ha signert søknaden før sakshandsaming kan ta til – dersom det er mogeleg
- Inntaksnemda handsamar søknaden.
- Vedtak/skriftleg svar skal føreliggja innan 3 veker etter vedtak i Inntaksnemda

Klage på vedtak:

- Finn du grunn til å klaga på vedtaket – må klagen vera skriftleg og du må grunngi kvifor du klagar
 - Klagefristen er 4 veker frå du har motteke vedtaket
 - Klagen skal sendast Avd. helse og omsorg
 - Du vil kunne få hjelp/retteleiing til å utforma klagen ved å ta kontakt med avdelinga
 - Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn informasjon om saksgang i klagesak
- Tlf. Ulvik omsorgstun:56527080
Ansvarleg for tenesta: Avdelingsleiar omsorg
Adresse: Avd. helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyeni 30, 5730 Ulvik